



**HJELMELAND  
KOMMUNE**

## **Møteprotokoll for Formannskapet**

**Møtedato:** 28.01.2026  
**Møtestad:** Kommunestyresalen  
**Møtetid:** kl 14.00 - 16.10

| <b>Møtedeltakarar</b>    | <b>Parti</b> |
|--------------------------|--------------|
| Gaute Hauge              | AP           |
| Leif Magne Kleppa        | H            |
| Torunn Munthe            | H            |
| Ståle Halsne             | KrF          |
| Anita Husøy Riskedal     | SP           |
| Arthur Fjeldheim Egeland | SP           |
| Dagfinn Svadberg Hatløy  | SP           |
| Anna Lena Kleppa         | SP           |
| Solveig Romsø Øye        | SP           |

### **Sakliste**

| <b>Saksnummer</b> | <b>Sakstittel</b>                                                                                     |
|-------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| 001/26            | GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE                                                                |
| 002/26            | GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL                                                                          |
| 003/26            | REFERAT- OG DRØFTINGSSAKER                                                                            |
| 004/26            | KOMMUNEDIREKTØREN ORIENTERER                                                                          |
| 005/26            | Orientering ny ungdomskule - Januar 2026                                                              |
| 006/26            | 202504 OPPSTART AV DETALJREGULERING FOR GANGVEG SOLVANG SANDE                                         |
| 007/26            | Status for Helsefellesskapet i Sør-Rogaland                                                           |
| 008/26            | Avtale om vertskommunesamarbeid om interkommunal samhandlingsleiar i Helsefellesskapet i Sør-Rogaland |
| 009/26            | Varig tilrettelagt arbeid                                                                             |
| 010/26            | Deltaking New Kaupang 2026                                                                            |
| 011/26            | Høyring - planprogram til fylkesplan for regional utvikling, areal og mobilitet (FRAM)                |
| 012/26            | Uttale - Forslag til rutestruktur for buss - Ryfylke nord                                             |

|        |                                                        |
|--------|--------------------------------------------------------|
| 013/26 | Prestagarden 5 - bankbygg II                           |
| 014/26 | Strategi og retningslinjer NMSK Hjelmeland 2026 - 2029 |
| 015/26 | Utbetalt kulturstøtte 2025                             |

## **001/26: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE**

### **Forslag til vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent slik dei ligg føre.

**28.01.2026 Formannskapet**

### **Behandling:**

### **Røysting:**

Samrøystes vedteke

FSK - 001/26 **Vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent slik dei ligg føre.

## **002/26: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL**

### **Forslag til vedtak:**

Møteprotokollen vert godkjent slik den ligg føre.

**28.01.2026 Formannskapet**

### **Behandling:**

### **Røysting:**

Samrøystes vedteke

FSK - 002/26 **Vedtak:**

Møteprotokollen vert godkjent slik han ligg føre.

## **003/26: REFERAT- OG DRØFTINGSSAKER**

Sakene tas til orientering.

**28.01.2026 Formannskapet**

### **Behandling:**

### **Kommunedirektøren:**

- Kommunedirektøren presenterte ny kommunalsjef Samfunn og næring, Geir Tørring.

- Ny kommunalsjef Helse og omsorg, Lena heitmann, kunne ikkje vera til stades i møtet.

#### **Spørsmål frå folkevalde:**

##### **Hauge, AP:**

- Hadde sendt inn spørsmål om konsesjonskraftprisar og ønskjer svar på spørsmåla som blei sendt inn

Svar:

Det er Svein Hia som skal ha ansvaret vidare, i samarbeid med kommunalsjef samfunn og næring og økonomisjef.

Svein Hia presenterte samanslåing av dei to prismodellane og kva dette vil tyde for Hjelmeland kommune. Me betaler same pris frå både Statkraft og Lyse pga stort volum. Innkjøpspris vil vera dobbelt så høg som tidlegare. Han gjekk også gjennom status for 2025 og forventa resultat for 2026.

##### **Kleppe, SP:**

- Sak 003/26.3 Status og fremdrift i revidering av vannforvaltningsplanen for Rogaland vannregion for planperioden 2028–2033: Kleppa etterspør meir informasjon om status, naudsynte tiltak og eventuelle konsekvensar for kommunen
- Beredskap: Meir usikre tider. 2026 er totalforsvarsåret, og me må førebu for ev. kriser og i verste fall krig. Representanten har ikkje funne godkjende evakueringsrom i Hjelmeland og ber om status og ev. planar for dette i bygdene våre. Korleis klarar me oss i lengre periodar utan straum, og status for vassforsyning ved ei krise?

Svar:

Det er ingen godkjende tilfluktsrom i kommunen og det er heller ikkje planar om dette på den nye ungdomsskulen, sidan det ikkje forelår krav om dette på det tidspunktet skulen vart planlagt. Uklart om nokon av dei eksisterande tilfluktsromma kan nyttast. Kommunen samarbeider med sivilforsvaret i høve beredskap og skal ha beredskapsråd den 26. februar. Me øver på situasjonar med straumbortfall eller mangel på vatn.

##### **Røysting:**

Samrøystes vedteke

FSK - 003/26 **Vedtak:**

Sakene tas til orientering.

#### **004/26: KOMMUNEDIREKTØREN ORIENTERER**

##### **Forslag til vedtak:**

Saka vert tatt til orientering

**28.01.2026 Formannskapet**

##### **Behandling:**

**Kommunalsjef Oppvekst:**

- Har lyst ut etter rektor på Fister (2 gongs utlysing) - To kandidatar har vore inne til intervju

**Økonomisjef:**

- Status for rekneskapen 2025: Så langt er netto driftsresultat +50,7 mill. (men, det gjenstår nokre usikkerheitsfaktorar enno)

**Kommunalsjef samfunn og næring:**

- Straumforbruk: Kommunen har låst rundt 50% av forbruket i ein sesongjustert fastprisavtale (kr 0,76) i tre år
- Gladmat: Er i gong med planleggjing. Har fått utsetjing på å søkja støtte frå Ryfylkefondet. Skal ha felles stand med Suldal, som i fjor
- Kommuneplanarbeidet: Grovsiling av innspel til arealplanen vil verte presentert i møtet i mars

**Kommunedirektøren:**

- Tilsett bademeister: Lisa Aarsland
- Kenneth Meland orienterte om prosjektet Samlokalisering av barnehagane i Hjelmeland: Prosessen med forprosjekt er no starta. Det har vore brei involvering med tilsette, tillitsvalde og bedriftshelsetenesta. Enkel bygg vart innstilt tilbydar og vart vald til å gjennomføre prosjektet. Klart for å byrje byggjing ca. veke 7. Forventa ferdigstilling i midten av desember 2026. Prognosen tilseier at kostnad vert i tråd med budsjett i vedtak frå oktober.

**Røysting:**

Samrøystes vedteke

FSK - 004/26 **Vedtak:**

Saka vert tatt til orientering.

**005/26: Orientering ny ungdomskule - Januar 2026****Forslag til vedtak**

Saka vert tatt til orientering

**28.01.2026 Formannskapet****Behandling:****Øye, SP:**

- Det er ikkje planlagt skulebibliotek på den nye skulen, sjølv om det er lovpålagt?

Svar:

Dette vil verte ivareteke i allrommet/aulaen på den nye skulen. Det er og planlagt eit godt samarbeid med Folkebiblioteket

Hauge, AP:

Utfordrande med konkurs av målar-/golvleggjarfirma. Kor store forseinkingar kan dette føra til?

Representanten spør også om det høve til ny synfaring?

Svar:

Det vert jobba kontinuerleg med å omrokera og finjustera arbeidet etter konkursen og det er framdriftsplanen som ligg til grunn. Ein del av innreiinga (som ikkje r fastmontert) vil sannsynlegvis måtte skje i september. Tilrår synfaring for formannskapet i mars, for då er arbeidet i symjehallen kome lenger, så det vil vera meir å sjå.

**Røysting:**

Samrøystes vedteke

FSK - 005/26 **Vedtak:**

Saka vert tatt til orientering.

## **006/26: 202504 OPPSTART AV DETALJREGULERING FOR GANGVEG SOLVANG SANDE**

### **Forslag til vedtak**

Det vert sett i gong arbeid med **Detaljreguleringsplan for gangveg Sande - Solvang**, planid 202504- i tråd med § 38 og retningslinjer for gjennomføringssone G2 i Kommuneplanen sin arealdel. Det vert teke sikte på å varsla oppstart i løpet av 2025.

Det konkrete arbeidet med utarbeiding av plan vert sett ut på anbod. Kostnad vert via budsjettløyving til føremålet, jf Kommunestyresak 50/25.

Ved varsel om oppstart skal det takast med areal i tråd med kartskisse i saksframlegg. Sjølve planen skal vektleggja ei god løysing for gangveg, men med minst mogleg terrenginngrep.

### **03.12.2025 Formannskapet**

#### **Behandling:**

Detaljregulering, foreslått av Torunn Munthe, Høgre

#### **Forslag til vedtak**

Det vert ikkje sett i gang arbeid med detaljreguleringsplan for gangveg Sande–Solvang, planid 202504.

Ved behandlingen av kommunen sin arealplan vert det gjort avklaringar for grunneigarar som har saker som er stoppa i påvente av ein reguleringsplan.

Utsettelsforslag, foreslått av Arthur Fjeldheim Egeland, Senterpartiet

Saka utsettes til neste formannskapsmøte.

#### **Røysting:**

Utsetjingsforslag frå Egeland, SP: Vedtatt mot 3 stemmer (H, AP)

FSK - 162/25 **Vedtak:**

Saka utsettes til neste formannskapsmøte.

## **28.01.2026 Formannskapet**

### **Behandling:**

Gangveg, foreslått av Torunn Munthe, Høgre

Det vert ikkje sett i gang arbeid med detaljreguleringsplan for gangveg Sande–Solvang, planid 202504.

Ved behandlinga av kommunen sin arealplan vert det gjort avklaringar for grunneigarar som har saker som er stoppa i påvente av ein reguleringsplan.

### **Røysting:**

Alternativt forslag frå Munthe, H: Vedtatt mot 2 røyster ((Halsne (Krf) og Hatløy (SP))

Opprinneleg forslag: Falt mot 7 røyster

### **FSK - 006/26 Vedtak:**

Det vert ikkje sett i gang arbeid med detaljreguleringsplan for gangveg Sande–Solvang, planid 202504.

Ved behandlinga av kommunen sin arealplan vert det gjort avklaringar for grunneigarar som har saker som er stoppa i påvente av ein reguleringsplan.

## **007/26: Status for Helsefellesskapet i Sør-Rogaland**

### **Forslag til vedtak**

Kommunestyret tar status for Helsefellesskapet i Sør-Rogaland til orientering

## **28.01.2026 Formannskapet**

### **Behandling:**

### **Røysting:**

Samrøystes vedteke

### **FSK - 007/26 Vedtak:**

Kommunestyret tar status for Helsefellesskapet i Sør-Rogaland til orientering.

## **008/26: Avtale om vertskommunesamarbeid om interkommunal samhandlingsleiar i Helsefellesskapet i Sør-Rogaland**

### **Forslag til vedtak**

1. Kommunesida i Helsefellesskapet i Sør-Rogaland styrkjer sekretariatsfunksjonen for kommunane i Helsefellesskapet i Sør-Rogaland frå 50 til 100% stilling som interkommunal samhandlingsleiar. Stavanger kommune fører vidare rolla som vertskommune for interkommunal samhandlingsleiar.
2. 50% av stillinga blir finansiert gjennom tilskot frå Helsedirektoratet. Resterande kostnader blir likt fordelte per innbyggjar mellom deltakarkommunane.
3. Avtalen om vertskommunesamarbeid gjeld inntil han blir sagt opp av ein av partane, jamfør vertskommuneavtalen.

#### **28.01.2026 Formannskapet**

##### **Behandling:**

##### **Røysting:**

Samrøystes vedteke

##### **FSK - 008/26 Vedtak:**

1. Kommunesida i Helsefellesskapet i Sør-Rogaland styrkjer sekretariatsfunksjonen for kommunane i Helsefellesskapet i Sør-Rogaland frå 50 til 100% stilling som interkommunal samhandlingsleiar. Stavanger kommune fører vidare rolla som vertskommune for interkommunal samhandlingsleiar.
2. 50% av stillinga blir finansiert gjennom tilskot frå Helsedirektoratet. Resterande kostnader blir likt fordelte per innbyggjar mellom deltakarkommunane.
3. Avtalen om vertskommunesamarbeid gjeld inntil han blir sagt opp av ein av partane, jamfør vertskommuneavtalen.

#### **009/26: Varig tilrettelagt arbeid**

##### **Forslag til vedtak**

Tas til orientering.

#### **28.01.2026 Formannskapet**

##### **Behandling:**

Ordføraren ber om ei sak, på et seinare tidspunkt, om eigarskap og avtalar Hjelmeland kommune har med Avanti.

##### **Røysting:**

Samrøystes vedteke



FSK - 009/26 **Vedtak:**

Saka tas til orientering.

Ordføreren ber om ei sak, på et seinare tidspunkt, om eigarskap og avtalar Hjelmeland kommune har med Avanti.

## **010/26: Deltaking New Kaupang 2026**

### **Forslag til vedtak**

Hjelmeland kommune velger alternativ 2, digitalt medlemsskap i New Kaupang AS for 2026.

## **28.01.2026 Formannskapet**

### **Behandling:**

New Kaupang, foreslått av Anna Lena Kleppa, Senterpartiet

Hjelmeland kommune avsluttar sitt medlemskap i New Kaupang.

### **Røysting:**

Alternativt forslag frå Kleppa (SP): Falt

Opprinneleg forslag: Vedtatt med 8 mot 1 røyst (Kleppa (SP))

FSK - 010/26 **Vedtak:**

Hjelmeland kommune velger alternativ 2, digitalt medlemsskap i New Kaupang AS for 2026.

## **011/26: Høyring - planprogram til fylkesplan for regional utvikling, areal og mobilitet (FRAM)**

### **Forslag til vedtak**

Hjelmeland kommunar støttar at det er sett i gang arbeid med utarbeiding av Fylkesplan for regional utvikling, areal og mobilitet (FRAM), og meiner at det framlagde planprogrammet gir eit godt bilete av korleis arbeidet med utarbeiding av planen skal gjennomførast.

Kommunen har følgjande merknadar til plantema, avgrensing av desse og utgreiingsbehov:

- I arbeidet med plantema by- og stadsutvikling og transport og infrastruktur bør reiseliv inkluderast i utviklinga av kunnskapsgrunnlaget. Korleis reiselivet brukar byar og tettstader, kva som er attraktivt og kva behov dei besøknade har i forhold kjøp av varer og tenester og kva transportbehov dei har, vil også vera viktig kunnskap vidare i planarbeidet.
- Det er særskild viktig å sikra god og brei medverknad i planarbeidet, blant anna frå interessegrupper, frivillig sektor, næringsliv og forsknings- og kompetansemiljø. Dette for å sikra at ein får eit godt grunnlag for utarbeiding av retningslinjer, både felles og differensierte, knytt til blant anna transport og infrastruktur, til arealpolitikken i landbruksområda eller senterstruktur og handel.

- Byggeråstoff og akvakultur kunne med fordel vore inkludert i første planfase fordi dette er næringar der arealbruken bør sjåast i samanheng med andre plantema, og i eit regionalt perspektiv.

## **28.01.2026 Formannskapet**

### **Behandling:**

### **Røysting:**

Samrøystes vedteke

### **FSK - 011/26 Vedtak:**

Hjelmeland kommunar støttar at det er sett i gang arbeid med utarbeiding av Fylkesplan for regional utvikling, areal og mobilitet (FRAM), og meiner at det framlagde planprogrammet gir eit godt bilete av korleis arbeidet med utarbeiding av planen skal gjennomførast.

Kommunen har følgjande merknadar til plantema, avgrensing av desse og utgreiingsbehov:

- I arbeidet med plantema by- og stadsutvikling og transport og infrastruktur bør reiseliv inkluderast i utviklinga av kunnskapsgrunnlaget. Korleis reiselivet brukar byar og tettstader, kva som er attraktivt og kva behov dei besøknade har i forhold kjøp av varer og tenester og kva transportbehov dei har, vil også vera viktig kunnskap vidare i planarbeidet.
- Det er særskilt viktig å sikra god og brei medverknad i planarbeidet, blant anna frå interessegrupper, frivillig sektor, næringsliv og forsknings- og kompetansemiljø. Dette for å sikra at ein får eit godt grunnlag for utarbeiding av retningslinjer, både felles og differensierte, knytt til blant anna transport og infrastruktur, til arealpolitikken i landbruksområda eller senterstruktur og handel.

Byggeråstoff og akvakultur kunne med fordel vore inkludert i første planfase fordi dette er næringar der arealbruken bør sjåast i samanheng med andre plantema, og i eit regionalt perspektiv.

## **012/26: Uttale - Forslag til rutestruktur for buss - Ryfylke nord**

### **Forslag til vedtak**

Formannskapet i Hjelmeland viser til forslag til rutestruktur i samband med nytt anbod i Ryfylke nord.

Hjelmeland kommune ber om det blir oppretta ei bestillingsrute til/frå Jøsenfjorden 1 - 2 dagar pr. veke, som korresponderar med båt eller buss vidare til/frå Stavanger.

Vidare viser kommunen til at det i dag ikkje finns mulighet for å reise med buss nordover frå Hjelmeland. Kommunen ber om at Kolumbus ser på mulighet for å opprette rute/bestillingsrute som kan koplast mot eksisterande ruter frå Erfjord/Lovra og vidare nordover.

## **28.01.2026 Formannskapet**

### **Behandling:**

### **Røysting:**

Samrøystes vedteke

**FSK - 012/26 Vedtak:**

Formannskapet i Hjelmeland viser til forslag til rutestruktur i samband med nytt anbod i Ryfylke nord.

Hjelmeland kommune ber om det blir oppretta ei bestillingsrute til/frå Jøsenfjorden 1 - 2 dagar pr. veke, som korresponderar med båt eller buss vidare til/frå Stavanger.

Vidare viser kommunen til at det i dag ikkje finns mulighet for å reise med buss nordover frå Hjelmeland. Kommunen ber om at Kolumbus ser på mulighet for å opprette rute/bestillingsrute som kan koplant mot eksisterande ruter frå Erfjord/Lovra og vidare nordover.

### **013/26: Prestagarden 5 - bankbygg II**

#### **Forslag til vedtak**

Hjelmeland kommune overtar Prestagarden 5 frå Rogaland Sparebank.

**28.01.2026 Formannskapet**

**Behandling:**

#### **Røysting:**

Samrøystes vedteke

**FSK - 013/26 Vedtak:**

Hjelmeland kommune overtar Prestagarden 5 frå Rogaland Sparebank.

### **014/26: Strategi og retningslinjer NMSK Hjelmeland 2026 - 2029**

#### **Forslag til vedtak**

Formannskapet godkjenner tiltaksstrategi og retningslinjer for nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK) perioden 2026-2029 for Hjelmeland kommune slik dei er lagt fram i dokument av 15.01.2026.

**28.01.2026 Formannskapet**

**Behandling:**

#### **Røysting:**

Samrøystes vedteke

**FSK - 014/26 Vedtak:**

Formannskapet godkjenner tiltaksstrategi og retningslinjer for nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK) perioden 2026-2029 for Hjelmeland kommune slik dei er lagt fram i dokument av 15.01.2026.

#### **015/26: Utbetalt kulturstøtte 2025**

##### **Forslag til vedtak**

Kommunestyret tek saka til orientering.

**28.01.2026 Formannskapet**

##### **Behandling:**

Halsne, Krf reiste spørsmål om habilitet, men saka gjeld midlar som allereie er utbetalt, og gjeld ikke framtidige utbetalningar - så Halsne vart vurdert habil og fekk delta i behandling av saka.

##### **Røysting:**

Samrøystes vedteke

**FSK - 015/26 Vedtak:**

Kommunestyret tek saka til orientering.